



Arkivnr: 2017/847-50
Saksbehandlar: Britt Karen Spjeld

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		15.11.2017

Prosjekttilskot: kunst og kultur - profesjonell - tildelingar haust 2017

Føremål med ordninga:

Ordninga skal stimulere til produksjon og visning av profesjonell kunst og kultur, og sikre innbyggjarar i heile fylket tilgang til eit mangfaldig kulturtilbod av høg kvalitet. Hordaland skal ha eit sterkt, profesjonelt kulturliv som fremjar skapande og frie kunstuttrykk.

Tilskotsordninga skal styrkje gjennomføringa av eit regionalt kunstløft slik det er skissert i regional kulturplan, og vere innretta for å svare på aktuelle utfordringar og behov innanfor eit ambisiøst og profesjonelt kunstliv i Hordaland. Ordninga skal også omfatte kulturminneprosjekt og tiltak i regi av profesjonelle aktørar, td museum.

Stønadsordninga skal elles ta omsyn til følgjande vedtekne kulturpolitiske mål og søkje å oppfylle desse:
Kulturpolitikken skal fremje demokrati og ytringsfridom.
Hordaland skal ha eit rikt, aktivt og mangfaldig kulturliv, med tilgang for alle.
Kulturpolitikken skal identifisere og styrke miljø og aktivitetar der Hordaland er eller kan vere leiande.

Barn og ungdom har spesiell merksemd, og ein ønskjer å stimulere spesielt til at unge sjølv er aktive deltakarar i prosjektet.

Generelt:	
Budsjett 2017: Av desse er øyremerka til prosjekt som gjeld barn og / eller unge:	1 358 000 kroner 408 000 kroner
Søknadsfrist 2017:	1.mars og 1.september
Vedtaks kriteria:	KIRU 18.01.17 PS 6/17
Kriteria og informasjon om ordninga:	Informasjon på nettsida hordaland.no
Våren 2017:	
Tal på søknadar:	84 søknadar
Tal på søknadar som er tilrådd støtte:	40 søknadar
Samla søknadssum:	3 433 376 kroner
Tilrådd fordeling prosjekt retta mot barn og unge	257 000 kroner
Tilrådd fordeling til saman:	837 000 kroner
Hausten 2017:	
Tal på søknadar:	48 søknadar

Tal på søknadar som er tilrådd støtte	28 søknadar
Samla søknadssum:	1 789 462 kroner
Midlar som er øyremerka til prosjekt som gjeld barn og / eller unge	151 000 kroner
Midlar til fordeling(inkl eit tilskot frå våren på 18 000 som er returnert) til saman	539 000 kroner

Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga:

Ut frå føremålet med ordninga og føringane i regional kulturplan er det sett opp følgjande kriteria som søknadane har vore målt opp mot. Ein søknad må ikkje oppfylle alle desse kriteria, men jo sterkare ein oppfylder kriteria og jo fleire ein oppfylder, desto meir relevant vil søknaden vere for ordninga. Det skal vere føreseielege og transparente søknads- og handsamingsrutinar.

Føljande vedtekne kriteria har vore lagt til grunn for vurderinga av søknadane (ikkje prioritert rekkefølge):

1. I kva grad tiltaket oppfylder satsingar i Regional kulturplan.
2. I kva grad tiltaket bidreg til ei utvikling av kulturlivet i fylket.
3. I kva grad tiltaket har verdi for kulturlivet i større delar av fylket.
4. I kva grad tiltaket er nyskapande og kan ha verdi som pilotprosjekt
5. Om tiltaket kan kopla saman aktørar og stimulere til samarbeid på tvers.
6. I kva grad tiltaket er utadretta.
7. I kva grad tiltaket skil seg tydeleg ut frå ordinær, dagleg drift av ein organisasjon
8. I kva grad tiltaket har støtte i heimkommunen.
9. Kvalitativt nivå på prosjekt og søknad.
10. Gjennomføringsevne og realisme i prosjektet.

I tillegg er søknadar vurdert etter geografisk og sjangermessig fordeling.

Som søkjartal og samla søknadssum viser er det ikkje tilstrekkeleg med midlar til å innfri alle søknadane som fell innanfor føremålet og kriteria for søknadsordninga. Dei som vert tilrådd støtte oppfylder i høg grad det overordna føremålet og vurderingskriteria. Kunstlivet i Bergen er sterkt og aktivt, og ein ser at det trengs noko meir stimulans for at det skal vere profesjonell kunst og kunstnarar utanfor for Bergen.

Det regionale ansvaret gjeld kulturoppgåver og kunst som har verdi for heile fylket eller større delar av det. Det er fleire som søkjer om støtte til produksjon og produksjonssutvikling, og det kan vere vanskeleg å vurdere på førehand kva prosjekt som har / får regional verdi. Dei som er tilrådd å støtte i denne søknadsrunda er produksjonar som gjennom søknaden viser ein tydeleg og direkte regional verdi.

Det er mogeleg å løyve midlar til årvisse / jamne tiltak. Slik fylkesrådmannen ser det er det likevel viktig at prosjektmidlar ikkje vert bundne opp til slike tiltak og at aktørane ser på prosjektstøtta som driftstilskot. Søkjar må vere merksam på at dette er prosjekttilskot og at søknadene kvart år vert vurdert på nytt opp imot samla søkjarmasse.

Det er vanleg at det er færre søknader ved haustfristen – dette m.a. grunna i at det er større kulturaktivitet på sommaren som m.a. festivalar ol. Det har vore ei tydeleg auke i søknader om tilskot til prosjekt retta mot barn og unge. Det er tilrådd 156 000 kroner til prosjekt som gjeld barn og / eller unge.

Seksjonsleiar Ronny Skaar er inhabil i saka då han er styremedlem i Manger folkehøgskule, som har søkt denne ordninga. Fylkesdirektør kultur og idrett har difor sett inn seksjon for idrett og friluftsliv som sakshandsamar i saka.

Framlegg til vedtak må sjåast i samanheng med fylkesrådmannen sine vurderingar i søknadsoversikta som følgjer som vedlegg til saka. Nummereringa i vedtaket viser til nummereringa i oversikta.

Økonomi: Tildelinga er i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Hordaland fylkeskommune.

Klima: Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at dei omsøkte tiltaka har monaleg klimaavtrykk.

Folkehelse: Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Tilskotsordninga er eit av verkemidlane for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan 2015-2025 PREMISS: KULTUR .

Forslag til vedtak

Utval for Kultur, idrett og regional utvikling løyver 539 000 kroner over budsjettpost 400.725.03, slik:

	Namn på søkjar	Søknadssum	Tilråding
1	ALRÆK PRODUKSJONER	40 000	17 000
2	ANTIKK MUSIKK	10 000	10 000
3	bal musette ans	15 000	13 000
4	BERGEN DOMKIRKE SOKN	50 000	35 000
5	Bergen Internasjonale Kultursenter	100 000	33 000
6	BERGEN METAL FEST	30 000	20 000
7	Brønn produksjoner v/ HILDE TRÆTTEBERG SERKLAND	40 000	Avslag
8	Christiane Dame Huseklepp	20 000	Avslag
9	Christina Peel	50 000	Avslag
10	EDVARD GRIEG KOR AS	36 800	30 000
11	ELSE OLSEN STORESUND	40 000	20 000
12	Harding Puls	50 000	26 000
13	Harding Puls	20 000	15 000
14	Helge Sørheim	7 000	Avslag
15	HÅNDSLAG TIL VÅR ELDSTE	50 000	17 000
16	Johanne Løkensgard Mjøs	15 000	10 000
17	Kjersti Sletteland	42 000	20 000
18	Kom Nærmere	60 000	20 000
19	KUNZT SILJE MARIANN ENGJA SIGURDSEN	33 000	14 000
20	Kvadratteatret	30 000	Avslag
21	Luca Berti	50 000	17 000
22	LYKKE AS	30 000	Avslag
23	Manger Folkehøgskule	30 000	Avslag
24	Martin Haarr	40 662	Avslag
25	Mathijs van Geest	35 000	Avslag
26	Musikkens Venner Nordhordlan	50 000	18 000
27	Nils Dagestad	25 000	Avslag
28	Open Window Theatre	20 000	14 000
29	OSTERØY KUNSTLAG	40 000	18 000
30	Petra Rahm	50 000	17 000
31	Rebecka Ahvenniemi	15 000	13 000
32	STIFTELSEN LYDGALLERIET	60 000	45 000
33	Stiftelsen Lydgalleriet	70 000	Avslag
34	STIFTELSEN OLE BULL AKADEMIET	50 000	Avslag
35	STIFTELSEN VESTNORSK JAZZSENTER	25 000	17 000
36	STIFTINGA HARDANGER OG VOSS MUSEUM	50 000	Avslag

37	STUDIO O AS	20 000	Avslag
38	STUDIO O AS	40 000	Avslag
39	Suvi Nieminen	50 000	Avslag
40	TEATERFABRIKKEN Knut Olaf Elvik	40 000	Avslag
41	Thea Hjelmeland	30 000	15 000
42	Trudi Jaeger	30 000	10 000
43	UNGVEST - Barne- og Ungdomsorganisasjonene på Vestlandet	100 000	Avslag
44	Veslemøy Fluge Berg	50 000	Avslag
45	Voss barnefilmfestival	25 000	15 000
46	YMIST. AS	25 000	15 000
47	ZikkZakk Teater & Kulturverksted	40 000	25 000
48	ZikkZakk Teater & Kulturverksted	40 000	Avslag
	Sum		539 000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 27.10.2017

Fylkesrådmannen viser til vedlegg med oversyn over søknadane med grunngjeving til kvar søknad. Dei individuelle grunngjevingane må sjåast som moment i ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria, fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle og samla søknadsbunke.